

# Referat frå FAU-møtet 5.oktober 2016

**Desse møtte:** Lars Øystein Bakka, Anita Vikingstad, Maili Havrevoll, Oddny Endresen, Anita Austarå og einingsleiar Sif Karlsdottir

## **Sak 10/16 Godkjenning av innkalling og referat frå førre møte**

OK, referat frå møta ligg på «min skule.no/nesflaten» og gå inn på FAU der, så skal dei ligga der

## **Sak 11/16 Konstituering**

Leiar: Anita Vikingstad

Nestleiar: Greta B. Andersson

Kasserar: Lars Øystein Bakka

Skrivar: Oddny Endresen

## **Sak 12/16 Informasjon einingsleiar**

Skuleruta neste skuleår 2017/2018 er klar, ingen kommentarar til denne. Det blei stilt spørsmål om forslag til ny skulerute var offentleg og at FAU kunne be om tilbakemelding frå foreldra dei representerer. FAU representerer foreldra, bør vera godt nok at medlemmene i FAU ser den? Det blei då stilt eit prinsipielt spørsmål om FAU ikkje bør få saker i forkant av møtet for at me skal kunne sikre reell medverknad frå foreldra.

Klassetur, 10. klasse er på tur til Oslo frå onsdag til fredag denne veka, saman med 10. klassane på Sand. Vedtatt i Kommunestyremøte at alle 10.klassingane må reise saman til Oslo på tur. Nesflaten har ikkje vore med i planane på denne turen, men fekk vite ei god veke før dei reiste at dei skulle vera med. Det har vore negative reaksjonar på at foreldra og elevane sjølve har vore så lite involverte i planlegginga. Det blei og spelt inn at det ikkje er lovleg med tanke på gratisprinsippet å leggje opp til ein tur i regi av skulane/kommune og samstundes krevje dugnad for å finansiere turen. *Oppdatering: Saka vil bli teke opp som sak i kommunalt FAU.*

Juleavslutninga er måndag 19. desember, og FAU er arrangør som dei pleier, ordnar maten. Sif har og invitert med barnehagen på juleavslutninga, der dei kan vera med å opptre med song. Ein skal prøve å setje opp eit julespel i år og, slik som i fjor.

Siri har sagt opp stillinga si på Nesflaten skule, og siste dagen hennar er ein gong i november, stillinga blir lyst ut på ny

Skulen jobbar med KLU (Klasseleiing i utvikling), og Sif har nettopp vore på kurs om dette i Bergen (blei informert om dette på foreldremøtet 1. september 16 og). Det blir først jobba med blant lærerane, deretter blir elevane involvert.

### **Sak 13/16 Skuleveka neste skuleår**

Skal elevane ha fri onsdag eller fredag neste skuleår? Sif meiner det er best for drifta på skulen at onsdag blir fredag i staden for fredag, derfor har ho bestemt at onsdagen blir fredag frå neste skuleår, 2017/2018. Det blei vist til referatet frå Samarbeidsutvalet (SU) i juni 2016.

FAU spelte inn at dei ikkje kan gi eit klarsignal til dette når ein blir presentert for ei slik endring over bordet. Ein har medverknadsrett, og det er ikkje tatt omsyn til dersom einingsleiar allereie har tatt ei beslutning. FAU si rolle i denne saken, har me ingenting me skulle sagt? Einingsleiar sjekkar litt meir rundt dette, om einingsleiar i det heile kan gjera det på denne måten. *Oppdatering: Referat frå SU finn du [her](#). Saka vil og bli teke opp i kommunalt FAU.*

### **Sak 14/16 Skuleombygging**

Ombygginga er i gong, og dei som er der og jobbar, vil vera der 4 dagar i veka, og ha fri fredagen, då jobbar dei lange dagar

Det er sett opp gjerde på nedsida av skulen, der vil det og bli litt ekstra trafikk medan ombygginga føregår.

Dei skal halde på fram til vinterferien, då skal det vera ferdig, sjølv om dei ikkje kom i gong med det same dei hadde sagt.

### **Sak 15/16 Skulelunsj**

FAU lurar på om skulen fortsatt er interessert i at dei betalar to lunsjar for elevane per halvår, slik det har vore før. Skulen har ikkje nytta seg noko særleg av dette tilbodet før. Sif er positiv, og vil gjerne at det fortset. FAU vil derfor fortsetje å betale for inntil to lunsjar på skulen per halvår.

### **Sak 16/16 Ymse**

Foreldre lurar på om det ikkje er mogleg for elevane på skulen å reisa på tur saman i det heile no, utan å vera med 10.klasse på Sand. Etter planen skulle heile ungdomsskulen reist på tur til våren saman på Nesflaten. Sif seier dei ikkje får fri til dette, og ei slik reise må i tilfelle gjerast på fritida. *Oppdatering: Saka vil bli teke opp på kommunalt FAU.*

Det blei stilt spørsmål om einingsleiar hadde fått noko tilbakemelding på kvifor mailvarslinga på innlegg på skulen sine nettsider ikkje fungerte. Dette hadde ho ikkje fått sett på, men skulle ta tak i dette etter FAU-møtet.

Barnehagen lurar på om det er lov å setta opp gjerde, som stenger den eine porten til barnehagen. Rømmingsveg ved brann? Er det godt nok med ein port å komme seg ut? Sif sjekkar det opp og gir ei tilbakemelding snarast råd.